

4.0 Gode klede i barnehagen:

1) KLEDE TIL Å HA UNDER HAUST/VINTER/TIDLEG VÅR;

Vi vil anbefale ull som er naturen sitt eige materiale. Med ull nærast huda er ein sikra ein god varmebalanse. Ull isolerer sjølv når den vert våt, ull kan absorbere opptil 30% fuktigheit utan at plagget kjennest fuktig. Ull er og brannsikkert - den minst brennbare av alle naturfiber typar.

2) MELLOMLAG HAUST/VINTER/TIDLEG VÅR;

Mellomlaget bør vere anten ull eller fleece. Fleece er betre enn ull på fukttransport og tørketid, medan ull isolerer betre når den er våt.

3) YTTERDRESS;

Vinterdressen bør vere mjuk og lett å bevege seg i. Der er mange vasstette og pustande dressar å få tak i, men dressar som er vassavvisande er og greie. Strikk under foten eller snølås må dressen ha. Unngå lause trådar/snorer og hetter som er sydd fast i dressen då det er lett å setje seg fast. Pass på at dressen er lang nok for å unngå at den sklir opp og støvlane/skoa vert fulle av vatn eller snø.

Vår/sommar/haust-dressen bør og vere vasstett eller vassavvisande og vindtett.

4) REGNDRESS;

Todelte regnkledde med høg bukse er det beste. Då kan ein berre bruke gummibuksa dersom det er vått ute. Hugs at regnkleda ikkje skal vere for små, ein må ha plass til gode klede under. Strikk under foten skal det alltid vere og dressen bør vere mjuk.

5) VOTTAR;

Prøv å finn vottar som gjer det mogleg for barnet å halde i leiker. Ullvottar er å anbefale. Tjukke polvottar gjer det vanskeleg å leike, og då vert dei ofte tatt av. Tynne vottar er ikkje like varme men lettare å leike med. Polvottane bør ha ein lang mansjett og vere vide nok til å tre over dressen.

Regnvottar er gode å ha.

Tynne hanskar er kjekke dei dagane det er mildare ute.

6) HUER OG SKJERF;

Hua på tilpassast årstida og beskytte øyrene. Ein får kjøpt huer som er vindtette. Vi anbefaler hals i staden for skjerf. Vi vil ikkje ha skjerf på barna då dei lett kan hengje seg fast og skade seg.

7) SKO/STØVLAR/SANDALAR/VINTERSKO;

Vintersko: Barn som går i barnehage treng gode vintersko. De skal vere vasstette, pustande og ha god isoleringsevne. Skoen må gå opp og over ankelen. Skoen bør vere stor nok til å romme eit par ullsokkar/ullsåler.

Cherox anbefalast ikkje ved kaldare enn -5 grader. Den er god på våte og kalde dagar.

Støvlar er og bra å ha i barnehagen.

Sandalar/tøfler til innesko. Barna vert mindre klamme av sandalar.

8) ANNA;

Solkrem - smør barna før dei kjem i barnehagen, vi smør dei på ettermiddagen.

Solbriller kan vere lurt å ha både på sommar og vinter. Lyset kan vere skarpt på vinteren og det er lett å få hovudverk dersom ein må gå å myse ein heil dag, ein kan og verte snøblind.

Sekk - Barn over 3 år bør ha med eigen sekk i barnehagen, tursekk. Barna brukar denne når dei skal på tur, til å ha niste i, drikke, ekstra klede og liknande. Sekken bør ha bryststroppar slik at den set godt over skuldrane. Den bør ikkje vere for tung.

Dei minste som sov i vogn - dei treng gode ullklede, god vinterpose, helsepledd, myggnetting, regntrekk, tynn hue å sove i, gjerne hals - hue og tynne vottar som er av ull. Om sommaren er det best å ikkje verte for varm, då er det nok med eit tynt helseteppe.

9) SKIFT:

Det er bra å ha to heile skift liggjande i korga. Det er lurt å sjekke korga ein gong i veka og følgje med på kva vi sender med heim.

Her er ei oversikt over kva som bør vere i barnehagen:

HAUST/VINTER:

Ullundertøy

Ullgenser/fleece

Ullbukse/fleece

Ullsokkar og sokkar

Huer og halsar

Vottar

Joggedress

Ull-longs

Boxer/truser

Tøfler/innesko

Regnklede

Dress

Støvlar/cherrox

Vintersko

Solbriller

VÅR/SOMMAR

Joggedress

Boxer/truser

Sokkar

Shorts

T-skjorter
Solhatt/caps
Vindtett jakke
Gode utesandalar
Joggesko
Parkdress
Regnklede
Støvlar
Solbriller

10) **MERKING AV KLEDE;**

Alt barnet har med seg i barnehagen skal vere merka. Det er mange som har like sko, støvlar, klede, vottar etc. og dersom dei ikkje er merka går det mykje tid til å finne rette eigarar til rette eigendelar. Dette er tid som er betre å få bruke saman med barna.

Håpar de har fått nokon gode tips om be kledning i barnehagen. Gleda ved å vere ute i all slags ver vert større med rette typar kler.

Er det noko de lurar på, spør personalet. 😊